



Terje Tofting  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1647 - 14/6944

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
24.03.2014

## Svar på søknad om avkjørsle frå kommuneveg - gbnr 133/66 Soltveit søndre

Teknisk drift syner til brev datert 27.02.2014 vedkommande søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle. Det vert søkt om utvida bruk av eksisterande avkjørsle for både gbnr 133/79 og 133/66. Da gbnr 133/79 allereide har avkjørsle frå kommunal veg, vil det ikkje verte gitt løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle som vist i søknad. Kvar eigedom får berre eit avkjøringsløyve få kommunal veg. Vi har tolka søknad som at det ikkje er aktuelt å stengje avkjørsle som gbnr 133/79 nyttar i dag.

I dette løyve vert det berre handsama avkjøringsløyve for gbnr 133/66. Teknisk drift vil gje løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle til 1 bustadeining på gbnr. 133/66 under føresetnad om at det vert tillete etablering av einebustad på tomta.

### **Vedtak:**

Teknisk drift har vurdert søknad og vil gje løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle til gbnr 133/66 på følgjande vilkår:

- Avkjørsla skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar dei tekniske krav til utforming som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørslar fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43 og vegnormal 017. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering og at ein skal snu på eigen grunn. Siktsoner skal ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikhindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
- Ytterligere informasjon vedkommande tekniske krav finn ein på [www.lovdatab.no](http://www.lovdatab.no) og [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no)
- Avkjøringsløyve vert gitt under føresetnad om at det vert gitt byggeløyve på gbnr 133/66.

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørslar fra offentlig veg» og vegnormal 017 at vegmynde skal setje krav til avkjørslar frå offentlig veg.



Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.

**Klagerett:**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgjer av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkommande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lindås kommune ved  
byggesaksavdelinga

**Mottakarar:**  
Terje Tofting

5911

ALVERSUND